



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 19.02.2026
Møtetid: 15:00 - -20:00
Møtestad: Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	
Oskar Nordgard	medlem	H	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Aslak André Bakke	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

møtesekretær

Odd Harald Dommersnes

økonomi- og HR sjef

Bjarte Rosenlund

kommunalsjef

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Britt Mary Skaalevik Lerøy

kommunedirektør

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 2/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. februar 2026	
PS 3/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 11. desember 2025	
PS 4/2026	Referatsaker til kommunestyremøtet 19. februar 2026	
RS 1/2026	Kommunegrafene - Januar 2026	
RS 2/2026	Skatteoversikt 2025	
RS 3/2026	NOU - Bærekraftig kommunesektor	
RS 4/2026	Gjeldsrapport per 31. januar 2026	
OS 1/2026	Orientering frå ordførar - kommunestyret 19. februar 2026	
OS 2/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 19. februar 2026	
OS 3/2026	Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale	
PS 5/2026	Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring	
PS 6/2026	Gebyrregulativ VA 2026	
PS 7/2026	Læringar 2026 - 2029	
PS 8/2026	Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027	
PS 9/2026	Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)	

PS 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

- I dette møtet hadde Aslak A. Bakke (H) forfall, Odd-Martin Totland møtte som vara.
- Oskar Nordgard (H) var tilbake etter permisjon.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå 11. desember 2025 vert godkjent.

Sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. desember 2025
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 11. desember 2025
Kommunestyret - 19.02.2026

Møteprotokollen frå 11. desember 2025 vart godkjent.

PS 4/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 4/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 4/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Referatsakene vart teke til vitande.

RS 1/2026 Kommunegrafene - Januar 2026

RS 2/2026 Skatteoversikt 2025

RS 3/2026 NOU - Bærekraftig kommunesektor

RS 4/2026 Gjeldsrapport per 31. januar 2026

OS 1/2026 Orientering frå ordførar - kommunestyret 19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

Sak 1/2026 Orientering frå ordførar - kommunestyret 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om dialogen med Vestland fylkeskommune og grunneigar i samband med mogleg bygging av ny vidaregåande skule i området Verftet/Mastrevik. I denne saka er det aktuelt at kommunen tar på seg å kjøpa kaifronten og opparbeida denne til ein ny kai. Ventar på prisantydning frå entreprenør for dette arbeidet, håpar å få dette opp til kommunestyret i Austrheim 9. april, slik at ein kan svara fylket til deira frist 20. april.

Dersom det ikkje blir aktuelt med ny skule på området Verftet er det ei anna tomt i Mastrevik som også er godt tenleg.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) gav honnør til korleis ordførar Sognnes har handtert denne saka.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at dersom det skal lagast ein kaifront på dette arealet, så kan det vera ei oppgåve som Austrheim vidaregåande skule kan løysa. Her svara Sognnes at det vert henta inn prisar på ulike løysingar. Det skal vera godkjent utført, og det skal vera i stil med det som er gjort for kaien ved flytebrygga og pir.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 1/2026 Orientering frå ordførar - kommunestyret 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

OS 2/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret
19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 2/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 19. februar 2026
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Eksterne orienteringar i kommunestyret torsdag 19. februar:

- Statsforvaltaren, ved seniorrådgjevar Håvard Rød. Presentasjonsnotat ligg ved saka i innkallinga.
- Kristoffer Myklebusthaug (H) spurte om kva Rød tenkjer om den økonomiske situasjonen kommunen er i, med tanke på moglege større investeringar, og kva kommuneøkonomien kan klara å bera. Rød svara at dette ikkje var noko han kunne svara på direkte, før han hadde sett seg inn i rekneskapen for 2025 og budsjettet for 2026.
- Stiftinga Imtec, ved seniorrådgjevar Vigdis Vikne, orienterte saman med rektor Bodil Boie Brekkan om arbeidet på Årås skule. Presentasjonen ligg ved innkallinga.
- Nordhordland Næringslag, ved leiar Beate Korsøen, orienterte om arbeidet sitt. Presentasjonen ligg ved innkallinga.
- Nordhordland brann og redning, ved brannsjef Karl Johannes Romarheim, orienterte om arbeidet sitt. Presentasjonen ligg ved innkallinga.

Orienteringssaker ved kommunedirektøren:

Bemanningskartlegging og omstilling:

- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om arbeidet med bemanningskartlegging, omstilling og eventuelt nedbemanning. Dette arbeidet skjer på bakgrunn av budsjettet kommunestyret har vedteke for 2026, som inneber færre stillingar.
- Det er gjennomført informasjonsmøte, med hovudtillitsvalde og hovudverneombod, tilsette i dei ulike einingane, einingsleiarar samt skriftleg til alle tilsette. Skal syta for at prosessen vert gjennomført på ein god måte, på grunnlag av gjeldande lovar og reglar samt det omstillingsdokumentet som er vedteke tidlegare.
- Har advokat med i arbeidet for å sikra at alt skjer på rett måte, og brukar omstillingsdokumentet.
- Viktig å få denne prosessen gjennomført slik at ein kan bemanna dei stillingane som står på vent, og som må bemannast.

Status for inkludering av flyktningar:

- Trine Merete Jansen orienterte jamfør presentasjon, som ligg ved innkallinga.

Status avvik

- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om status for avvik, jamfør oversikt som ligg ved saka i innkallinga.

Status prosjekt og investeringar:

- Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status for dei ulike prosjekt og investeringar.

Sjukefråvær/personal

- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status.

Gjeldsrapport

- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status. Gjeldsrapporten ligg i innkallinga under referatsaker.
- Terje Håland (Ap) spurte om lånegjelda, som har gått opp med 40 millionar i 2025. Spurte kva det er kommunen har satsa på for dette gjeldsopptaket. Odd Harald Dommersnes svara at det er lånt 8 millionar til tomtekjøp Årås, 15 millionar til VA-investeringar, og 20 millionar til å dekkja forventa salsgevinst frå næringstomt.
- Reidar Ulvøy (Ap) ba om at det er tettare oppfølging for ulike økonomiprojekt, for å unngå at ein får fleire overskridingar av den typen ein har på VA-prosjektet Solend-Førland.
- Odd Harald Dommersnes viste til at rekneskapen er ferdig og no er under kvalitetssikring. Den skal snart leverast, saman med årsmeldinga. meiner at det må

vera større fokus på økonomi ut i alle einingane, nedover i organisasjonen. Ser ut for at 2025-resultat vert eit meirforbruk på kring 10 millionar kroner, eller kring -2,7 prosent. Framover kan det ikkje brukast ei krone meir enn det ein har. Rekneskapen skal handsamast politisk seinare.

- Ser for seg at det kjem klare tilbakemeldingar frå Statsforvaltar i samband med gjennomgang av rekneskap 2025 og budsjett 2026. Austrheim kjem ikkje på Robek-lista, men det er for lite midlar på fond med tanke på at det skal investerast i nytt helse- og omsorgstun. Må rekna på om Austrheim har berekraft til å ta ei slik investering som eit nytt helse- og omsorgstun vil vera.
- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy la til at det også spelar inn at det i november kom eit nedtrekk på 12 millionar kroner, etter sluttavrekninga for skatteinngangen i 2024. Har også andre utfordringar, med ei aldrande brukargruppe innan helse, med meir.
- Reidar Øksnes (Sp) kommenterte prosjekt, og viste til at det har vore samrøystes for dei prosjekta som er sette i gang. Må framover sjå på kva ein eigentleg vil ha, som prosjektet Solend-Førland som starta med at ein ville ha vatn til Førland, og så bygde det på seg med fortau og veglys. Må jobba annleis med prosjekt framover enn det ein har gjort no.

Pensjonspremie og kostnader:

- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status.

KS - Debatthefte 2026

- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om temaet, jamfør skriv som blir sendt ut i etterkant av møtet, og som er lagt til denne orienteringssaka i innkallinga.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det bra om dei tillitsvalde vert oppfordra til å komma med innspel. Kommunedirektør Lerøy svara at dei tillitsvalde skal få melding.

Foreiningsportal/aktivitetskalender:

- Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om at det er sett i gang ein ny foreiningsportal med aktivitetskalender, med informasjon om både lag/organisasjonar og om aktivitetar som skjer.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 19. februar 2026

Kommunestyret - 19.02.2026

Kommunestyret tok orienteringane til vitande.

OS 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta orienteringa til vitande.

Sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet rår kommunestyret til å ta orienteringa til vitande.

Sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Saka om ny selskapsavtale i NGIR var oppe i kommunestyret i Austrheim desember 2025. I etterkant av dette, har kommunestyret i Gulen gjort eit vedtak som skil seg litt frå dei andre kommunane som har handsama saka, Gulen har sagt nei til at Alver som vertskommune skal få to styremedlemmer. Dei punkta i selskapsavtalen som ikkje får støtte i alle kommunane, vil ikkje bli gjeldande.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale
Kommunestyret - 19.02.2026

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

PS 5/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune* slik ho ligg føre i revidert forslag.

Sak 6/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

VA-ingeniør Bjørn Størkersen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Reidar Øksnes (Sp) spurte om dei som har vassmålar, her svara Størkersen at dei som har målar skal få behalda denne i 8 år.

Legg opp til eit ekstra formannskapsmøte 19. februar i forkant av kommunestyret den dagen, for å få ha klar dei nye prisane for VA. Desse vart viste for formannskapet, men skal kontrollreknast av Kapital Kontroll og av administrasjonen før det går ut.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 6/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Formannskapet - 29.01.2026

Kommunestyret vedtek *Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune* slik ho ligg føre i revidert forslag.

Sak 5/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Rådgjevar VA Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen og kommunalsjef Bjarte Rosenlund presenterte saka, jamfør saksframlegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Kommunestyret - 19.02.2026

Kommunestyret vedtek *Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune* slik ho ligg føre i revidert forslag.

PS 6/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til gebyrregulativ for vatn, avløp og slam for 2026 slik det ligg føre.

Sak 11/2026 Gebyrregulativ VA 2026
Formannskapet - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen og kommunalsjef Bjarte Rosenlund gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga med vedlegg.

Per Lerøy (Ap) spurte om auken, og viste til at vatn går mykje opp med avlaup ikkje går opp like mykje. Størkersen svara at det skuldast behovet for investeringar og vedlikehald innan vatn.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy kom med eit vedtakstillegg: "Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin." Det fekk støtte av formannskapet.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegget frå kommunedirektøren i møtet.

Vedtak i sak 11/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Formannskapet - 19.02.2026

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til gebyrregulativ for vatn, avløp og slam for 2026 slik det ligg føre. Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin.

Sak 6/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Rådgjevar VA Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen og kommunalsjef Bjarte Rosenlund presenterte saka, jamfør saksframlegget.

Per Lerøy (Ap) spurte om bakgrunnen for auken på vassgebyret. Størkersen svara at det er behov for auka investeringar i eksisterande anlegg, og den beredskapen ein må ha for å sikra vatn også ved brot på vassleidningsnettet.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund sa at gebyret må aukast no for å dekkja det løpande arbeidet med lekkasjesøk og oppgraderingar som må gjerast. Må følgja krav frå Mattilsynet og VA-norma ved utbyggingar og reparasjonar. For 2025 var det brukt 2 millionar meir enn sett av, det må også hentast inn att.

Gro Kaland (Sp) spurte om auken for dei med vassmålar, og spurte om kvifor prisauken vert større for desse. Størkersen stadfesta dette, og forklarte at det er lagt inn eit fastledd i gebyret for å dekkja grunnkostnaden til tenesta.

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om auken, kvifor det aukar i prosent meir for dei minste bustadene enn for dei største. Her svara Bjarte Rosenlund at det nok har vore for stor forskjell mellom under 90 kvadratmeter og 90 pluss kvadratmeter tidlegare. Prøver å jamna ut dette no, slik at ein kan ha ein prosentvis jamnare auke framover.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy presenterte framlegg til tillegg til vedtaket, eit tillegg som var vedteke av kommunestyret tidlegare same dag. Tilleggsteksten er: "Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin."

Kristoffer Myklebusthaug (H) spurte om forskjell på avgift med og utan vassmålar Størkersen svara at ein betaler lik pris for vatnet anten det er målar eller ikkje.

Frank Erik Øksnes spurte om det kjem rekning samla for 3-4 månader for dei som tidlegare har hatt månadleg betaling, men som ikkje har betalt så langt. Størkersen svara at det i utgangspunktet vil vera slik at det kjem rekning for dei månadene som er gått, men at det skal finnast ordningar om ein vil dela opp rekningane.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, som er kommunedirektørens opphavlege pluss tillegget: "Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin."

Vedtak i sak 6/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Kommunestyret - 19.02.2026

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til gebyrregulativ for vatn, avløp og slam for 2026 slik det ligg føre. Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin.

PS 7/2026 Lærlingar 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunen vidarefører lærlingordninga som ein del av kommunen sitt arbeid med rekruttering, kompetanseutvikling og samfunnsansvar.
- 2.Kommunen reduserer det årleg inntak av ordinære lærlingar inntil 4 lærlingar per år, frå og med opptaksår 2026.
- 3.Kommunen kan i tillegg ta inn inntil 2 TAF-lærlingar per år, der dette er fagleg og organisatorisk formålstenleg.
- 4.Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lærlingane på aktuelle fagområde og einingar ut frå kapasitet, rettleiingsressursar og kommunen sitt rekrutteringsbehov.
- 5.Ordningska skal evaluerast etter to år, med rapportering til politisk nivå om kvalitet, økonomiske konsekvensar og rekrutteringseffekt.

Sak 4/2026 Lærlingar 2026 - 2029

Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

HTV Janina Fenne viste til at det er annonsert tre lærlingar som helsefagarbeidar ved opptaket i år, men utifrå eksisterande behov skulle det vore opptak av lærlingar som institusjonskokk og byggdriftar. Dommersnes svara at han ikkje er usamd i behovet, men det har vist seg vanskeleg å rekruttera lærlingar i desse faga som Fenne nemner.

Per Lerøy (Ap) oppmoda til å jobba meir med å signalisera til lærlingar at ein vil ha dei med vidare i fast jobb, for å unngå at dei forsvinn til andre kommunar. Monika Soltveit Gabrielli (HTV) sa at det i denne samanhengen er viktig å følgja opp arbeidet med heiltidskultur, som del av arbeidet med å rekruttera lærlingar med vidare.

Per Lerøy (Ap) presiserte at det er først når ein ser at det er "liv laga" at ein skal tilby jobb. Kanskje kan ein overrekruttera, for det vil jamna seg ut med den turnoveren det er i ein såpass stor organisasjon. Her kommenterte Odd Harald Dommersnes at det ikkje er så stor turnover i Austrheim kommune.

Personalkonsulent Wenche Myrmel sa at det vert sett på rekruttering innan fag der ein ser at det vil vera behov framover, som kokk og byggdriftar. Har ikkje lukkast med å få søkarar til lærlingeplassar i desse faga. Her kommenterte Janina Fenne at det kanskje er ein tanke å annonbsera at det er mogleg med læreplassar innan byggdriftar og kokk, sjølv om det ikkje er sikkert at ein lukkast med å få søkarar.

Monika Soltveit Gabrielli ba om at det vart gjort nokre språklege rettingar i punkt 2, med ordet "til" før "inntil". Dette var utvaldet samde i. Punktet blir slik: 2. Kommunen reduserer det årlege inntaket av ordinære lærlingar til inntil 4 lærlingar per år, frå og med opptaksår 2026.

Morten Sognnes (H) oppfordra til å ha ein samtale med lærlingar med tanke på å halda fram i jobb i etterkant av læretida.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med dei språklege rettingane i punkt 2.

Vedtak i sak 4/2026 Lærlingar 2026 - 2029

Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

1. Kommunen vidarefører lærlingordninga som ein del av kommunen sitt arbeid med rekruttering, kompetanseutvikling og samfunnsansvar.
2. Kommunen reduserer det årlege inntaket av ordinære lærlingar til inntil 4 lærlingar per år, frå og med opptaksår 2026.
3. Kommunen kan i tillegg ta inn inntil 2 TAF-lærlingar per år, der dette er fagleg og organisatorisk formålstenleg.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lærlingane på aktuelle fagområde og einingar ut frå kapasitet, rettleiingsressursar og kommunen sitt rekrutteringsbehov.
5. Ordninga skal evaluerast etter to år, med rapportering til politisk nivå om kvalitet, økonomiske konsekvensar og rekrutteringseffekt.

Sak 7/2026 Lærlingar 2026 - 2029

Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes presenterte saka, jamfør saksutgreiinga.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) spurte om ordlyden i punkt 2, om inntak av inntil 4 lærlingar.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy presiserte at det er intensjonen å ta inn 4 lærlingar, men det er ikkje sikkert det er gode søkarar/kandidatar, og då kan det bli færre.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) ba om at ordet "til" blei tatt vekk i framlegget, slik at punkt to fekk ordlyden: "2. Kommunen reduserer det årlege inntaket av ordinære lærlingar inntil 4 lærlingar per år, frå og med opptaksår 2026."

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak, med endringsframlegg frå Ann Kristin Leirvåg for punkt 2.

Vedtak i sak 7/2026 Lærlingar 2026 - 2029

Kommunestyret - 19.02.2026

Administrasjonsutvalet 19.02.2026

1. Kommunen vidarefører lærlingordninga som ein del av kommunen sitt arbeid med rekruttering, kompetanseutvikling og samfunnsansvar.
2. Kommunen reduserer det årlege inntaket av ordinære lærlingar inntil 4 lærlingar per år, frå og med opptaksår 2026.
3. Kommunen kan i tillegg ta inn inntil 2 TAF-lærlingar per år, der dette er fagleg og organisatorisk formålstenleg.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lærlingane på aktuelle fagområde og einingar ut frå kapasitet, rettleiingsressursar og kommunen sitt rekrutteringsbehov.
5. Ordninga skal evaluerast etter to år, med rapportering til politisk nivå om kvalitet, økonomiske konsekvensar og rekrutteringseffekt.

PS 8/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027

Valutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast representant: Vararepresentant som er personleg vara:

Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

Oskar Nordgard (H) Stig Anders Totland (H)

Sak 7/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for valstyret sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 7/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027
Formannskapet - 29.01.2026

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast:	Vara som er personleg vara:
Jan Erik Espelid (SL) - leiar	Tore Svendsen (SL)
Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)
Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Inger Turid Øksnes (Sp)
Oskar Nordgard (H)	Stig Anders Totland (H)

Sak 8/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 8/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027
Kommunestyret - 19.02.2026

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast:	Vara som er personleg vara:
Jan Erik Espelid (SL) - leiar	Tore Svendsen (SL)
Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)
Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Inger Turid Øksnes (Sp)
Oskar Nordgard (H)	Stig Anders Totland (H)

PS 9/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Reidar Ulvøy (Ap) får permisjon frå kommunestyret som søkt om, ut juni 2026.

Sak 8/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 8/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)
Formannskapet - 29.01.2026

Reidar Ulvøy (Ap) får permisjon frå kommunestyret som søkt om, ut juni 2026.

Sak 9/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)
Kommunestyret - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

I denne saka var representanten Reidar Ulvøy (Ap) ugild, og gjekk frå under handsaminga.

I denne saka har administrasjonen oversett at representanten Ulvøy hadde søkt om permisjon ikkje berre frå kommunestyret, men også frå Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt. Nestleiar i valutvalet, Ann Kristin Leirvåg, klargjorde ei løysing ved at Reidar Ulvøy bytter plass med sin vara Kristian Semmingsen Lerøy (begge Ap). Dei byter også plass i vervet som nestleiar, slik at Semmingsen Lerøy blir nestleiar.

Dette byttet av fast plass og varaplass i klagenemnda gjeld ut perioden 2023-2027, medan permisjonen frå kommunestyret gjeld ut vårhalvåret (som søkt om).

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå valutvalet

Vedtak i sak 9/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)
Kommunestyret - 19.02.2026

Reidar Ulvøy (Ap) får permisjon frå kommunestyret som søkt om, ut juni 2026.

Val av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt - frå
19.02.2026: Valutvalet si innstilling:

Medlemmer for perioden 2026 - 2029	Vara for perioden 2026 - 2029
Gro Kaland (Sp)	Frank Erik Øksnes (Uavhengig, tidlegare INP)
Kristoffer Myklebusthaug (H)	Harald Lundal (H)
Tore Svendsen (Samlingslista)	Monika Thorpe (Ap)
Medlemmer valde for perioden 2023 - 2027	Vara valde for perioden 2023 - 2027
Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)	Reidar Ulvøy (AP)
Aslak André Bakke (H)	Lisbeth Oen (Uavhengig, tidlegare INP)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)
Leiar for perioden 2026-2029	Nestleiar for perioden 2023-2027
Leiar: Kristoffer Myklebusthaug (H)	Nestleiar: Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)